



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Konsesjon

I medhald av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann
(vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og
energidepartementet 19. desember 2000

blir det gjeve konsesjon til

regulering og uttak av vatn til settefiskproduksjon

Meddelt: Eidesvik Settefisk AS

Dato: 19. 03. 2001

Varighet: Ubegrenset

Ref: NVE 200101370-6 rv/ias

Kommune: Bømlo

Fylke: Hordaland

Vassdrag: Vassdrag i Bømlo

Vassdragnr.: 043.0

I medhaldhald av lov av 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova), kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje-og energidepartementet 19. desember 2000, gir Norges vassdrags- og energidirektorat under henvisning til søknad av 20.09.2000 og til vedlagt notat "Bakgrunn for vedtak"

Eidesvik Settefisk AS

konsesjon til regulering og uttak av vatn til settefiskproduksjon i Eidesvatnet og Kvernavatnet, Bømlo kommune i Hordland på følgende vilkår:

1. Reguleringsgrenser og overføring.

Utbygginga vil utnytte følgjande regulering og overføring:

A. Reguleringsmagasin.

Magasin	HRV kote	LRV kote	Reg. høgde m	Naturleg vasstand
Eidesvatnet	8.0	- 1.5	9.5	2,5

B. Overføring.

Overføring av vatn frå Kvernavatnet til Eidesvatn avgrensa til det tilsig som til ei kvar tid gjev ein vasstand i Kvernavatnet som er høgare enn 0,5 m under nivå for HRV som skal vere identisk med overløp på dammen i utløpet av vatnet.

Reguleringsgrensene skal merkast med faste og tydelige merke som viser vasstanden.

Konsesjonen gjeld for vassuttak til produksjon av settefisk og kan ikkje gjerast gjeldande for andre vassdragstiltak eller utnytingsformer.

2. Byggefristar m.v.

Om ikkje arbeidet med utbygginga er starta opp innan ein frist på 3 år frå dato for løyvet fell konsesjonen bort. Det samme gjeld om arbeidet deretter blir innstilt i meir enn 2 år. Fristen kan av vassdragsmyndigheita forlengast ein gong med inntil nye 3 år, jf. § 27 i vassressurslova.

3. Godkjenning av detaljplaner, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Godkjenning av detaljplaner, tilsyn med utføring, seinare vedlikehald og drift av anlegg og tiltak som er omfatta av denne posten er tillagt NVE. Utgifter med dette skal dekkast av konsesjonæren.

Konsesjonæren pliktar å legge fram for NVE detaljerte planar med turvande opplysningar, berekningar og kostnadsoverslag for kraftanlegget. Arbeidet kan ikkje settast i gang før planane

er godkjent. Anlegget skal utførast solid, minst mogleg skjemmande og skal til ei kvar tid haldast i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren pliktar å planlegge, utføre og vedlikehalde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskaparkitektoniske resultat blir best mogleg.

Kommunen skal ha høve til å uttale seg om planane for anleggsvegar, massetak og plassering av overskotsmassar.

Konsesjonæren pliktar å utføre ei forsvarleg opprydding av anleggsområdet. Oppryddinga må være ferdig seinast 2 år etter at vedkommande anlegg eller del av anlegget er sett i drift.

NVE kan gje pålegg om gjennomføring av plikter i medhold av denne posten.

4. Konsesjonæren pliktar etter nærare avgjerd frå fylkesmannen å gjennomføre fiskeribiologiske granskingar og eventuelt kompensere for skader på naturleg rekruttering av fiskestammene ved tiltak.

5. Automatisk freda kulturminner

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være eigna til å skade, øydelegge, flytte, forandre, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminner som hittil ikkje har vore kjent, skal melding om dette sendast kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen med det samme og arbeidet skal stansast i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 andre lekk, jf. også §§ 3 og 4.

6. Kontroll med vilkåra


Konsesjonæren tek ansvar for det som til ei kvar tid måtte bli fastlagt av NVE for oppfølging av kontroll med at oppstilte vilkår blir fylgde.

Utgifter med kontrollen erstattast det offentlege av konsesjonæren etter nærmare reglar som blir fastsett av NVE.

Ved brot på dei fastsette vilkåra, bestemmelsar i lova eller i medhald av lova fastsette vilkår, kan NVE fastsette ei tvangsmulkt på inntil kr. 100.000 pr dag eller inntil kr. 500.000 for kvart brot. Pålegg om mulkt er tvanggrunnlag for utlegg, jf. vassressurslova § 60, NVE kan justere beløpet kvart 5 år.



Trond Ljøgodt
avdelingsdirektør



Rune Flatby
seksjonssjef